



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Rasmus Rikter-Svendsen, 5557 2774


Høring av søknad om tillatelse etter forurensningsloven - fjerning av dekkdeponi - Hjelmås - Alver - høringsfrist 6. juli 2026

Asplan Viak AS søker på vegne av Alver kommune om løyve etter forureiningslova til arbeid i sjø utanfor Hjelmås i Alver kommune. Asplan Viak har i den vedlagde søknaden skildra arbeida, gjort ei risikovurdering og føreslått avbøtande tiltak for å redusere faren for ureining.

I hovudsak skal det fjernast 1 200 m³ med gamle bildekk frå sjøbotnen. Dekkdeponiet har opphav frå 1970-talet, då restmateriale frå produksjon av skytemattar vart deponert utanfor Hjelmås kai. Dekka skal fjernast med grabb frå lekter. Det vil verte nytta sug og/eller siltgardin for å redusere spreining av partiklar og ureining.

Etter at dekk er tekne opp, skal dei reingjerast for sediment før vidare handsaming. Spylinga skjer innanfor ein etablert siltgardin i sjø for å hindre vidare spreining av sediment. Etter at dekk er fjerna, skal dei mest forureina områda dekkjast til med reine massar. Sedimentprøvar vil verte tekne i området etter tildekking for å kartleggje forureiningsnivået.

Tiltaket er planlagt gjennomført i perioden september 2026 – mars 2027.



Figur 1: plassering av dekkdeponi ved Hjelmås i Alver kommune.

Vi ber om eventuelle uttaler innan 06. juli 2026

Statsforvaltaren ber om uttale frå kommunen om tiltaka er i samsvar med reguleringsplan og eventuelle andre merknader. Vi ber òg Bergen sjøfartsmuseum, Fiskeridirektoratet, Mattilsynet og Sør-Noregs Fiskarlag om å vurdere tiltaket ut frå omsyn til marine kulturminne og fiskeriinteresser.

Statsforvaltaren ber om uttalar til vedlagd søknad innan 06. juli 2026. Uttalar kan sendast til sfvlpost@statsforvalteren.no, og skal merkast med referansenummer 2023/15268.

Søknaden, fleire av søknadsdokumenta og Statsforvaltarens brev i saka vert gjort tilgjengelege på [Statsforvaltarens heimeside](#).

Med helsing

Magne Nesse
senioringenjør

Rasmus Rikter-Svendsen
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Søknad Hjelmås dekkdeponi.pdf
- 2 Rapport Miljøundersøkingar Hjelmås dekkdeponi.pdf

Kopi til:

Asplan Viak
Alver kommune v/sakshandsamar

